

Forskrift om påslepp av olje- og feitthaldig avløpsvatn, Kvam herad, Vestland

Dato: 19.06.2026

Publisert:

Iverksetjing: 19.06.2026

Gjeld for: Kvam herad, Vestland

Heimel: LOV-1981-03-13-6-§9, FOR-2004-06-01-931-§15-6

Kunngjort: 29.06.2026

Korttittel: Forskrift om påslepp av avløpsvatn, Kvam

Heimel: Fastsatt av Kvam heradstyre 19. juni 2026 med heimel i lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (Forurensningsloven) § 9 nr. 4 og forskrift 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften) § 15-6.

Kapitteloversikt:

- Kap. 1. Innleiande føresegner (§§ 1 - 2)
- Kap. 2. Verkeområde (§§ 3 - 4)
- Kap. 3. Generelle føresegner (§§ 5 - 13)
- Kap. 4. Krav til olje- og feittutskiljarar (§§ 14 - 20)
- Kap. 5. Krav om prøvetaking og analysar (§21)
- Kap. 6. Krav om tømming, drift, vedlikehald og dokumentasjon (§§ 22 - 24)
- Kap. 7. Beredskap mot akutt forureining (§§ 25 - 26)
- Kap. 8. Iverksetjing (§27)

Kap. 1. Innleiande føresegner

§ 1. Føremål

Lokal forskrift om påslepp av olje- og feithaldig avløpsvatn skal sikre at olje og feitt vert fjerna ved kjelda, og skal sjå til at olje- og feittutskiljarar vert drifta riktig slik at dei verker etter hensikta.

§ 2. Definisjonar:

1. *Avløpsvatn*: både sanitært og industrielt avløpsvatn og overvatn.
2. *Feithaldig avløpsvatn*: avløpsvatn som inneheld vegetabilsk og animalsk feitt.
3. *Frityrfeitt*: feitt som vert brukt til fritering av mat.
4. *Heimelshavar*: eigar/fester av eigedom/bygg der olje- eller feittutskiljar er plassert.
5. *Oljehaldig avløpsvatn*: avløpsvatn som inneheld motorolje, smørefeitt, parafin, whitespirit, bensin og liknande.
6. *Påslepp*: tilførsel av avløpsvatn til offentlig avløpsnett.
7. *Sanitært avløpsvatn*: avløpsvatn som i hovudsak skriv seg frå menneskeleg stoffskifte og frå hushaldningsaktiviteter, mellom anna avløpsvatn frå vassklosett, kjøkken, bad, vaskerom og liknande.
8. *Verksemd*: brukar av olje- og feittutskiljar.

Kap. 2. Verkeområde

§ 3. Oljeutskiljarar

Føresegnene gjeld for verksemder som har påslepp av oljehaldig avløpsvatn, mellom anna:

1. Bensinstasjonar
2. Vaskehaller for køyretøy
3. Motorverkstadar
4. Bussterminalar
5. Verkstadar og klargjeringsentralar for køyretøy og anleggsmaskiner
6. Anlegg for understellsbehandling
7. Garasjeanlegg med tilgang til vatn og moglegheit for vask av bilar inne i garasjen.

Kommunen kan fastsetje at føresegnene i denne lokale forskrifta også skal gjelde for verksemder som ikkje er nemnt her, men har påslepp av oljehaldig avløpsvatn.

§ 4. Feittutskiljarar

Føresegnene gjeld for verksemder som har påslepp av feithaldig avløpsvatn, mellom anna:

1. Restaurantar

2. Kafear/konditori
3. Catering/ferdigmatprodusentar
4. Gatekjøkken/kioskar
5. Kantiner
6. Slakteri
7. Margarin- og matoljeindustri
8. Kjøttforedlingsbedrifter
9. Hermetikkindustri
10. Bakeri
11. Meieri
12. Friteringsindustri
13. Røykeri
14. Matbutikkar med steike-/grillavdeling.

Kommunen kan fastsette at føresegnene i denne lokale forskrifta også skal gjelde for verksemder som ikkje er nemnt her, men har påslepp av feithaldig avløpsvatn.

Kap. 3. Generelle føresegner

§ 5. Ansvarleg for olje- og/eller feittutskiljarar

Påslepp av olje- eller feithaldig avløpsvatn og installering av olje- eller feittutskiljar er eit søknadspliktig tiltak som skal godkjennast av Kvam herad.

Det skal søkjast heradet om løyve ved påslepp til kommunalt nett. Dette gjeld nye verksemder, eksisterande verksemder og ved bruksendringar av eksisterande bygningar.

§ 6. Krav om løyve

Ingen kan iverksette nye påslepp eller auke påslepp vesentleg utan at løyve er gitt i medhald av denne forskrifta.

§ 7. Søknad om løyve

Ved etablering av nye påslepp eller vesentleg auke av eksisterande påslipp av feitt- og/eller oljehaldig avløpsvatn, skal den ansvarlege sørge for at det er utarbeida ein skriftleg, fullstendig søknad som inneheld dei naudsynte opplysningane for heradet si sakshandsaming.

§ 8. Behandling av søknad

Fullstendig søknad skal avgjerast av kommunen innan seks veker. Ved fullstendig søknad som er i strid med krava stilt i forskrifta skal kommunen gi svar utan ugrunna opphald.

Kommunen kan under behandling av søknaden fastsette krav som fråviker påsleppskrav i denne forskrifta, fastsette krav til påsleppstad eller nekte etablering av påslepp.

Når kommunen avgjer om det skal fastsettast andre krav, skal det leggjast vekt på dei forureiningsmessige ulempene ved tiltaket jamført med dei fordelar og ulemper som tiltaket elles vil medføre.

Dersom arbeidet ikkje er igangsett seinast tre år etter fullstendig søknad er sendt kommunen, eller dersom arbeidet vert innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere påsleppet bort.

§ 9. Kvam herad sin rett til kontroll

Kommunen skal ha uhindra tilgang til eigendom der forureining kan oppstå eller har oppstått. Kommunen kan krevje å få lagt fram og få granske dokumenter og anna materiale som angår olje-/feittutskiljaranlegget og drifta av dette.

§ 10. Nedlegging

Dersom verksemda vert nedlagt eller stansa, skal det sendast melding til kommunen seinast ein månad på førehand.

Oljeutskiljaranlegg som permanent vert teke ut av bruk skal gravast opp og leverast til godkjent avfallsmottak. Dokumentasjon på utført arbeid skal sendast inn til Kvam herad. Avløpsleidning skal pluggast i forgreiningspunktet. Alle sluk som har drenert til oljeutskiljaranlegget skal pluggast.

§ 11. Eigarskifte

Dersom verksemda vert overdregen til ny eigar, skal melding sendast kommunen seinast ein månad før eigarskifte.

§ 12. Kostnadar

Dersom verksemda sitt avløpsvatn fordyrar eller har uheldig verknad på drifta av kommunen sitt vatn- eller avløpsnett, kan kostnadane for retting, utbetring og/eller reparasjonar fakturerast verksemda.

§ 13. Tvangsmulkt

For å sikre at føresegnene i denne forskrifta blir gjennomført, kan kommunen treffe vedtak om tvangsmulkt, i medhald av Forureiningslova § 73, jf. Forureiningsforskrifta § 41-6.

Kap 4. Krav til olje- og feittutskiljarar

§ 14. Tilknyting til avløpsnett

Feitthaldig avløpsvatn som inneheld sedimenterbart materiale skal førast gjennom ein slamavskiljar før det går inn på feittutskiljaren. Avløpsvatn med raskt råtnande sedimenterbart materiale skal ikkje passere slamavskiljar. Dette for å unngå råtning. Fjerning av grovare partiklar skal gjerast ved innløpsrist i forkant av feittutskiljar.

Oljehaldig avløpsvatn skal før oljeutskiljar førast gjennom sandfang eller liknande reinseinnretning dimensjonert for maksimal reell vassbelastning.

Alkalisk reagerande feitt-/oljehaldig avløpsvatn skal nøytraliserast før det vert ført til utskiljar.

Avløp ut frå utskiljarar skal knytast til spillvassnett.

§ 15. Sanitært avløpsvatn og overvatn

Sanitært avløpsvatn frå WC og andre sanitærinstallasjonar, samt overvatn skal ikkje førast til olje- og feittutskiljarar.

§ 16. Forholdet til utsleppskrav gjeve av Statsforvaltar eller Miljødirektoratet

For dei verksemdar som har eigne påsleppsløyver frå enten Statsforvaltar eller Miljødirektoratet, skal desse krava reknast som uavhengig av kommunen sine krav. I samsvar med forureiningslova § 7 skal verksemda unngå forureining som ikkje er naudsynt, sjølv om krava frå Statsforvaltar eller Miljødirektoratet vert overheldt.

Denne paragrafen kjem til bruk også for dei komponentar som ikkje er regulert av Statsforvaltar eller Miljødirektoratet, eller dersom ny teknologi gjer det mogleg å senke påsleppet ytterlegare, innanfor rimelege kostnadar for verksemda.

§ 17. Krav til eigenskapar og innhald i avløpsvatnet

Oljeinnhaldet i utløpet frå oljeutskiljar skal ikkje overstige 50 mg/l, målt som totale oljehydrokarbonar. Temperatur ut frå oljeutskiljar skal ikkje overstige 45 grader C.

Feittinnhaldet i utløpet frå feittutskiljar skal ikkje overstige 150 mg/l, målt som totale hydrokarbonar. Temperatur ut frå feittutskiljar skal ikkje overstige 30 grader C.

§ 18. Krav til bruk av vaske- og avfeittningsmidlar

Kommunen forventar at verksemda går i dialog med kjemikalieleverandørane og eventuelt anna kompetanse på området for å optimalisere kjemikaliebruken med tanke på lågare olje- og feittutslépp. Nokre vaskekjemikaliar kan redusere olje-/fettutskiljaranleggets reinsefunksjon. Det følgjer eigne retningslinjer om dette.

§ 19. Utføring

Materiale og utføring av utskiljaren skal tilfredsstille til ei kvar tid gjeldande Norsk Standard for oljeutskiljar.

Det er verksemda som har ansvar for at sandfang og olje- eller feittutskiljar, eller eventuelt anna godkjent utstyr, er dimensjonert i forhold til den reelle belastninga.

§ 20. Inspeksjons- og kontrollkum

Omgåande nedstrøms utskiljar skal det vere ein inspeksjons- og kontrollkum som gjev moglegheit for å ta prøver av avløpsvatnet. Det skal installerast prøvetakingskum på eksisterande utskiljarar som manglar dette.

Kummen skal vere tilgjengeleg for inspeksjon til ein kvar tid.

Kap 5. Krav om prøvetaking og analysar

§ 21. Prøvetaking og analysar

For oljeutskiljarar skal det takast representative prøver for å dokumentere kvaliteten av påsleppet til offentleg nett. Det skal takast minimum ein prøve per år, og denne skal takast frå inspeksjons-/kontrollkummen før tømning av oljeutskiljaren. For større verksemdar eller utskiljarar med høg belastning eller omfattande kjemikaliebruk, kan kommunen krevje at det skal takast fleire prøvar.

For feittutskiljarar skal det takast representative prøver for å dokumentere kvaliteten av påsleppet til offentleg nett. Det skal takast minimum ein prøve per år, og denne skal takast frå inspeksjons-/kontrollkummen før ved full drift av anlegget. Samstundes skal det målast temperatur ut frå feittutskiljar. For større verksemdar eller utskiljarar med høg belastning, kan kommunen krevje at det skal takast fleire prøvar.

Kap 6. Krav om tømning, drift, vedlikehald og dokumentasjon

§ 22. Tømning

Regelmessig tømning og reingjering har avgjerande betydning for olje- og fettutskiljaren sin effekt.

Fettutskiljaren skal tømmast 3-12 gonger pr. år. Det kan søkjast om mindre hyppig tømning dersom akkumulert mengde feitt er liten over tid.

Oljeutskiljar og oppsamlingstankar for utskilt olje skal tømmast minst ein gong per år, og elles når det måtte vere naudsynt for å overhalde påsleppskravet på mindre enn 50 milligram olje per liter. Olje som vert halden tilbake i oljeutskiljaren vert rekna som farleg avfall og er omfatta av avfallsforskrifta kap. 11 Farlig avfall. Det kan søkast om mindre hyppig tømning dersom akkumulert mengde olje er liten over tid.

Verksemda skal inngå tømmeavtale med eit tømmefirma for regelmessig tømning tilpassa behovet. Det skal til ei kvar tid føreligge gyldig tømmeavtale. Kommunen kan gje pålegg om endring av tømmehyppigheita ved behov.

Opplysningar om dato for kvar tømning og kven som utførte tømninga, skal førast inn i driftsjournalen for anlegget.

§ 23. Drift, vedlikehald og kontroll

Verksemda er ansvarleg for drift, vedlikehald og kontroll av anlegget.

Alle reinseanleggsvolum (utskiljar, sandfang, slamavskiljar, oppsamlingstank, inn-/utløpsleidningar) skal reingjerast årleg. Driftskontroll og reingjering kan utførast i samband med tømning av utskiljar.

§ 24. Dokumentasjon

Verksemda er ansvarleg for at det vert sendt inn ein årleg rapport til kommunen for alle olje- og feittutskiljarar. Rapporten skal omfatte eit kalenderår, og frist for innsending av rapporten er 1. mars påfølgjande år. Rapporten skal innehalde når tømning er utført, kven som utførte tømninga og kva vassvolum som vart tømt. I tillegg skal rapporten innehalde resultat av alle prøvetakingar og målingar.

Ved etablering av ny utskiljar eller nytt påslepp av olje- og/eller feittthaldig avløpsvatn skal det sendast inn dokumentasjon med generelle opplysningar og teikningar som viser plassering av utskiljaren og/eller påsleppspunktet. Dimensjonering av ny utskiljar skal dokumenterast.

Kap. 7. Beredskap mot akutt forureining

§ 25. Førebygging av akutte utslepp

Verksemda plikter å gjennomføre forebyggjande tiltak for å unngå, eventuelt avgrense, risikoen for akutt forureining.

Beredskapen skal stå i rimeleg forhold til sannsynet for akutte, skadelege påslepp til avløpsnettet og omfanget av dei skadane og ulempene dette kan forårsake. Beredskapsrutinane skal inngå i verksemda sitt internkontrollsystem for helse, miljø og sikkerheit og skal dokumenterast.

§ 26. Varslingsplikt

Dersom det som følgje av verksemda sine aktivitetar skulle oppstå akutte påslepp/utslepp, skal kommunen straks varslast. Verksemda vil vere økonomisk ansvarleg for konsekvensar av akutte påslepp.

Kap 8. Iverksetjing

Forskrifta trer i kraft frå kunngjering i Norsk Lovtidend.